



Vår dato: 06.09.2016

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Høyringsfråsegn frå Aust-Telemark vassområde ang. Øst-Telemarkens Brukseierforening sin søknad om overføring av Flottetjønnbekken

Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) har søkt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om konsesjon for overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet. Dette betyr at avrenninga frå eit 9,4 km² stort nedbørfelt som drenerer naturleg til Mårelva vil bli overført via ei 800 meter lang rørledning til Kalhovdfjorden. Inntaket i Flottetjønnbekken vil vera ein 4 m høg betongdam. Rørledninga vil bli lagt ned i fundamentet til Kalhovdvegen. Tiltakshavar ser på dette prosjektet som eit opprustings- og utvidingsprosjekt (O&U) i og med at energigevinsten kjem som ein tilleggsproduksjon i Mår og Mæl kraftverk. Konsesjonssøknaden inneheld miljørapport og konsekvensvurdering som er utarbeidd av Norconsult.

NVE har sendt søknaden på høyring med høyringsfrist 25.08.2016. Vassområdet har fått forlenga høyringsfrist til 25.09.2016. Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde handsama høyringssaka i møte 06.09.2016. Det er gjort samrøystes vedtak om følgjande høyringsfråsegn:

1. Det omsøkte tiltaket ligg i Mår-vassdraget, som etter tidlegare vassdragsreguleringar har ei svært låg restvassføring dei første km av elva og ca 24 % av normalvassføringa ved innløpet til Tinnsjø. Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde meiner at konsekvensane av overføringa for Mårelva truleg vil bli større enn det framgår av ØTB sin søknad, og at tiltaket bør vurderast nøyte etter prinsippet i § 10 i naturmangfoldlova (nmfl) om økosystemtilnærming og samla belastning for eit område. Vassområdet meiner at dette prinsippet er for lite vektlagt i konsekvensvurderinga.
2. Styringsgruppa meiner at samfunnsnyttan av overføringa i form av innvunnen kraft, vil vera mindre enn tap av miljøkvalitetar, og at tiltaket derfor ikkje bør realiserast, jf. § 12 i vassforskrifta. Dei viktigaste miljøkvalitetane som kan bli påverka av overføringa er:
 - Gyte- og oppvekstområde i nedre Mår for storaurestammen i Tinnsjø
 - Bekkekløft i Mår ved Håkaland (verdi A), med vassføring på minst dagens nivå som skjøtselstiltak. Bekkekløfta er ikkje vurdert i konsekvensvurderinga (KU)
 - Bekkekløfta i Mår ved Gauset (verdi C)
 - Gyteområdet i Flottetjønnbekken for aurebestanden i Øvre Flottebektjønn
3. Vassområdet meiner at andre O&U-prosjekt som er mindre økonomisk lønsamt, men meir miljøeffektive, må vurderast parallelt og i samheng med miljøkonsekvensane av Mår-Gjøyst reguleringa. Det er naturleg å gjera denne vurderinga gjennom vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonen. Særleg er utnytting av fallet mellom Gjøystavatn og Øvre Grotte ved Strengen eit O&U-prosjekt som bør vurderast som eit alternativ til det omsøkte tiltaket.

Bakgrunn

Mårvassdraget i Tinn kommune er ein del av Aust-Telemark vassområde, som inngår i vassregion Vest-Viken. Gjennom forvaltningsplanen for vannregion Vest-Viken 2016-2021 er det sett miljømål for alle vassforekomstane i regionen. Miljømåla er knytta til EUs vassdirektiv som er implementert i norsk rett gjennom vassforskrifta.

Målet er at alt ferskvatn og kystvatn skal oppnå god økologisk tilstand/ godt økologisk potensial innan 2021. Alt vatn skal oppnå god kjemisk tilstand. Vassforskrifta opnar likevel for tilpassa løysingar for den enkelte vassforekomsten, både gjennom utsetjingar for å nå miljømåla til seinare planperiodar (§ 9), mindre strenge miljømål (§ 10) og løyve til nye inngrep/ ny aktivitet i vassforekomstar sjølv om miljømåla ikkje blir nådd eller at tilstanden blir forringa (§ 12).

Regional plan for vannregion Vest-Viken 2016-2021 vart vedteken av alle åtte fylkesting i regionen i desember 2015. Den sentrale godkjenninga av planen vart gjeve av Klima og miljødepartementet (KLD) i brev datert 04.07.2016.

I arbeidet med regional plan vart det gjort ei regional prioritering av vassdragskonsesjonar som kan reviderast innan 2022 etter same metode som i den nasjonale prioriteringa (NVE-rapport 49:2013). Mår-Gjøystkonsesjonane fekk prioritet 1.1 i regional prioritering, mot 1.2 i den nasjonale gjennomgangen, med m.a. forslag om minstevassføring i Mårelva og biotoptiltak for storaure i nedre del av elva. Den sentrale godkjenninga sette derimot at dagens tilstand er godt økologisk potensiale og miljømål 2021 for Mårelva.

Paragraf 12 i vassforskrifta skal vurderast når det skal fattast enkeltvedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassforekomst som kan medføre at miljømåla ikkje blir nådd eller at tilstanden blir forringa. Det er sektorstyresmakta som skal vurdere om § 12 skal nyttast for det omsøkte tiltaket, både om heimelen skal nyttast og om vilkåra i paragrafen er oppfylt. Dersom aktiviteten/ inngrepet ikkje er til hinder for at miljømålet blir oppfylt eller ikkje medfører at tilstanden blir forringa, kan det gjevast løyve til inngrep/ aktivitet utan at vilkåra i 2. ledd i § 12 blir vurdert.

I tillegg til økologisk og kjemisk miljømål, skal det i følge regional plan for vannregion Vest-Viken 2016-2021, også takast omsyn til brukarinteresser i arbeidet etter vassforskrifta. Høyringsuttalen frå Aust-Telemark vassområde gjev derfor også synspunkt på kva overføringa av Flottetjønnbekken vil bety for landskap og friluftsliv.

Fakta

Utbygginga etter konsesjonen av 1943/48 førte til at vassdraga Mår og Gjøyst vart ført i tunnel til Mår kraftverk i Vestfjorddalen, og at m.a Mårelva nedstrøms Kalhovddammen vart tørrlagt. Det er ikkje innført minstevassføring i elva.

Flottetjønnbekken som kjem frå Vestre Flottetjønn, renn ut i Øvre Flottebektjønn rett nedstrøms Kalhovddammen, og er den viktigaste tilløpsbekken for restvassføring i Mår på dei første km av elva.

Mårelva er om lag 32 km lang og har eit nedbørfelt på 754 km² ved innløpet til Tinnsjø. Av dette er 589 km² (444 mill. m³/s) overført til Mår kraftverk, medan restfeltet på 165 km²(143 mill m³/s) renn i Mår til Tinnsjø . Dei største sidevassdraga til Mårelva er Flottetjønnbekken, som har samløp med Mår etter 0,6

km, Ramsåe med samløp etter 10 km og Vesleåe med samløp etter 23 km. Middelvassføringa i Mår i uregulert tilstand er om lag $19,1 \text{ m}^3/\text{s}$ ved innløpet i Tinnsjø. Tilsiget frå det regulerte restfeltet gjev tilsvarande eit normalavløp på $4,7 \text{ m}^3/\text{s}$, som er ca 24 % av vassføringa før reguleringa.



Figur 1: Kart over Kalhovdområdet med Flottetjønnebekken og Mårelva ned til samløpet med Ramsåe. Frå www.vann-nett.no/saksbehandler/

Vassdragsmiljø

Tinnsjø har nasjonal verdi som storaurelokaltitet. Reguleringane av tilløpselvene Måna, Gjøyst og Mår i nordenden av sjøen, og utløpselva Tinnåe i sør, førte til ein sterk reduksjon av gyteplassar for storauren i Tinnsjø og bestanden vart etterkvart karakterisert som trua. Fylkesmannen i Telemark innførte forskrift i 1998 for regulering av fiske på storaure på gytevandring, m.a. i Mårøset.

I følgje rapport frå Naturhistorisk museum (nr. 35:2014) "Fiskeribiologiske undersøkinge i nedre del av elvene Mår og Gjøyst i Tinn kommune", kan Tinnsjø-aure i dag vandre utan hindringar opp til Kaddehølen som ligg 1,1 km oppstrøms Tinnsjø. Før reguleringa vart det lystra stor aure også ovanfor Kaddehølen. Det er derfor sannsynleg at aure før reguleringa kunne gå opp til Grånhølan ca 2,7 km oppstrøms Tinnsjø. På den nederste strekninga av elva er det to flaumløp på tilsaman 700 m som før utbygginga truleg hadde vassføring også utanom flaumperiodane, og at dei derfor fungerte både som gyte- og oppvekstområde for Tinnsjø-auren. Den totale strekninga som auren kunne nytte til gyting og oppvekst var derfor 3,4 km mot i dag 1,1 km.

Bekkekløft i Mår ved Håkaland. Bekkekløfta har fuktkevjangende bergveggsflora og epifyttar av både lav og mose med fleire raudlista arter, m.a. den sterkt trua fossefiltlaven på berg som er strekt fuktkevjangende. Kløfta har også eit stort potensial for fleire krevjangende artar. På bakgrunn av dette er bergkløfta vurdert

som svært viktig (A), og inngår som ein av dei viktigaste bergkløftene i regionen. Ei vassføring på minst dagens nivå er oppgjeve som skjøtselstiltak for området (www.naturbase.no).

Bekkekløft i Mår ved Gausetbygde. Bekkekløfta har enkelte luftfuktkrevjande mose- og lavartar og svakt naturskogpreg med nokre raudlisteartar av låg kategori, noko som gjev kløfta lokal verdi (C).

Flottetjønnbekken har variert substrat og vasshastigheit som gjev gode levevilkår for botndyr og fisk. Aure i Øvre Flottebekktjønn brukar bekken som gyte- og oppvekstområde. Langs nedre del av Flottetjønnbekken er det rik vegetasjon prega av jamn fuktigheit, rik berggrunn og kalkrikt sigevatn. Dette området med rik vegetasjonen blir nytta som habitat for spurvefuglar.

Landskap og friluftsliv

Øvre Mår er godt synleg frå Kalhovdvegen, som er ein mykje nytta innfartsport til stig- og løypenettet på Hardangervidda. Vegen blir også mykje nytta av syklistar (2000-3000 årleg). Landskapsverdien av området er sterkt redusert på grunn av låg restvassføring i elvene og av tørrlagte reguleringssoner i magasina. Øvre Mår er lett tilgjengeleg for fiske og friluftsliv nedover frå Kalhovddammen.

Breidsetdalen ligg lenger ned langs Mår og her er det eit gammalt seterlandskap i eit storslått landskapsrom omgjeve av bratte fjell. Heile seterdalen frå Øvsetgjuvet til Steinsbøle på ca 8300 mål, er registrert som eit interessant heilskapeleg kulturlandskap (www.naturbase.no). Mårelva går gjennom seterdalen, og er eit viktig element i landskapet.

Vurderingar

Vassdragsmiljø Mårelva

Mårelva som er karakterisert som ein strekt modifisert vassforekomst (SMVF) er inndelt i tre vassforekomstar med ulik økologisk tilstand; 016-859-R Mår (Ramsåe – Kalhovddammen) har “dårleg økologisk potensiale”, 016-855-R Mår (Vesleåe – Ramsåe) har “godt økologisk potensiale” og 016-868-R Mår (Tinnsjø – Vesleåe) har “moderat økologisk potensiale”. Flottetjønnbekken inngår i vassforekomsten 016-860-R Mår bekkefelt (Ramsåe - Kalhovddammen), og økologisk tilstand er sett til “svært god” utan registrerte påverknader (<http://vann-nett.nve.no>).

Ved sentral godkjenning av Regional vassforvaltningsplan for vannregion Vest-Viken 2016-2021 er miljømålet GØP for Mår sett til “dagens tilstand”. Miljømålet for Flottetjønnbekken er “Svært god tilstand”. Dersom samfunnsnyttan i form av auka kraftproduksjon ved overføring av Flottetjønnbekken overstig tapet av miljøkvalitetar kan det tillatast at miljømåla blir senka, jf § 12 i vassforskrifta.

Etter overføringa vil nedre Mår få ca 95 % av dagens vassføring. Konsekvensen av tiltaket i form av redusert gyte-og oppvekstområde for storaurebestanden i Tinnsjø er i søknaden derfor vurdert til *liten negativ*. Sidan vassføringa i Mårelva alt er redusert med over 75 % i høve til naturleg vassføring, meiner Aust-Telemark vassområde at også ei beskjeden fråføring kan få større konsekvensar for storauren enn det framgår av søknaden og at dette må vurderast nøye i samsvar med naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Mindre vassføring vil truleg også medføre at det blir problem med å tilretteleggje for meir gyting/ større oppvekstområde i elva, som foreslått av Naturhistorisk museum (rapport nr 35, 2014).

Bekkekløfta ved Håkaland har nasjonal verdi (verdi A). Som skjøtselstiltak for bekkekløfta er ei vassføring i Mår på minst dagens nivå vurdert som viktig. Vassområdet kan ikkje sjå at denne bekkekløfta er vurdert i konsekvensutgreiinga.

I søknaden blir konsekvensane av overføringa for bekkekløfta ved Gauset (verdi C) vurdert til å vera *liten til middels negativ*. Også for denne lokaliteten må samla belastning vurderast nøye, jf. nmfl § 10.

Vassdragsmiljø Flottetjønnbekken

Mindre vassføring i Flottetjønnbekken vil medføre at aurebestanden i Øvre Flottebekktjønn vil få redusert gyting i bekken, og bestanden vil såleis bli sterkt redusert eller i verste fall gå ut. Ved redusert vassføring vil det nederste området langs bekken med rik og kalkrik vegetasjon bli mindre og få meir tørketolerante artar.

Landskap og friluftsliv

Overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet vil føre til at øvre Mår i gjennomsnitt får ei vassføring på 38 % av dagens nivå ved utløpet av Nedre Flottebekktjønn, noko som vil verke ytterlegare negativt på landskapet ved Kalhovde. I konsekvensvurderinga er konsekvensane av overføringa for landskapet vurdert som *liten til middels negativ*, ut frå at elva her er vidstrakt og at mykje av den vesle vassføringa likevel forsvinn blant store steinar. Vassområdet meiner at terskelbygging og samling av vatnet i ei vassåre kan motverke dette, dersom vassføringa er på dagens nivå.

I Breisetdalen er vassføringa etter overføringa estimert til ca 92 % av dagens vassføring, og vil såleis ikkje ha så stor innverknad på landskapet. Men fråføringa kan likevel påverke vegetasjonen langs vassdraget i seterdalen, og såleis verdien av kulturlandskapet.

Flottetjønnbekken er eit positivt landskapselement i det opne landskapet ned mot Flottebekktjønn, og har fått *middels verdi* i verdivurderinga. Redusert vassføring vil også gje ein meir einsarta vegetasjon langs bekken og såleis eit mindre variert landskap.

Samfunnsnytte

Vassområdet meiner at særleg omsynet til gyte- og oppvekstområde for storauren i Mår og kvalitetane i bekkekløfta ved Håkaland, må vege tungt i ei avveging av miljøkvalitetar mot samfunnsnyttan. Men også tap av gyteområde for auren i Flottebekktjønn og kvalitetane i bekkekløfta ved Gauset må med i vurderinga.

I tillegg til overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet, har ØTB vurdert fleire andre O&U-prosjekt som kan auke innvunnen kraft i Mår og Mæl kraftstasjonar. Desse prosjekta er skrinlagt på grunn av låg bedriftsøkonomisk gevinst. Særleg prosjektet ved Strengen for utnytting av fallet mellom Gjøystavatn og Øvre Grotte er eit tiltak som ikkje vil medføre tap av miljøkvalitetar. Utrekningar viser at dette tiltaket vil gje ca 10 GWh.

Konklusjon

Sidan Mårvassdraget er strekt prega av tidlegare reguleringar, må konsekvensane for biologisk mangfald, landskap og friluftsliv i vassdraget av ei ytterlegare fråføring av vatn vurderast nøye. Vassområdet meiner særleg at det bør gjerast ein grundigare analyse av konsekvensane for storaure og raudlista artar i bekkekløftene, jf. nmfl § 10.

Vassområdet meiner at tapet av miljøverdier ved overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet er større enn samfunnsnyttene i innvunnen kraft, og at tiltaket derfor ikke bør gjennomføres, jf. §12 i vassforskriften, 2.ledd. De viktigste miljøverdiene som vil bli påverka av redusert vassføring i Mårelva er gyte- og oppvekstområda for storauren i nedre Mår og raudlistearter i bekkekløfta ved Håkaland (A-verdi). Arter i bekkekløfta ved Gauset (verdi C) vil også truleg bli påverka av redusert vassføring. Vidare vil aurebestanden i Øvre Flottebekktjønn bli sterkt redusert/ gå tapt og den fuktkevjande vegetasjon langs bekken kan bli erstatta av tørketolerante artar.

Vidare meiner vassområdet at andre O&U-prosjekt i området som kan gje om lag same mengde innvunnen kraft i Mår/ Mæl som overføringa av Flottetjønnbekken, men med mindre tap av miljøkvalitetar, bør vurderast i samheng med det omsøkte prosjektet i ein vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonane for Mår/ Gjøystutbygginga. Særleg prosjektet ved Strengen, som vil utnytte fallet mellom Gjøystavatn og Øvre Grotte, er interessant. Her går vatnet i dag i ein støypt kanal, og fråføring for utnytting til kraftproduksjon vil såleis ikkje medføre tap av miljøkvalitetar.

Aust-Telemark vassområde

Ragnar Gunleiksrud (sign)
leiar styringsgruppa